

Bergen, 30.07.21

Vår ref: 2021/644  
Sakshandsamar: Eirin Kongestøl Espeland

Dykkar ref:

Vikanes Bungum Arkitekter AS  
v/ Regine Velde

## **Karmøy, Skuteberg – oppstart detaljregulering 2/177 m.fl. – uttale**

Viser til brev av 31.05.21, med vedlegg, frå Vikanes Bungum Arkitekter AS om ovannemnde sak.

Fiskarlaget Vest har sendt saka til Karmøy Fiskarlag.

### **Generelle merknader**

Fiskarane opplever ein stadig større konkurranse om areala, særleg i kystsona. Ein vil peike på at fiskarane i utgangspunktet er positivt innstilt til anna næring og aktivitet, men fiskeri og andre næringar har eit heilt ulikt forhold til bruk av sjøareal. Andre næringar har behov for nye/større sjøområde, medan fiskerinæringa er avhengig av å ta vare på viktige eksisterande fiske-, gyte- og oppvekstområde. Eksempel på konfliktområde er; oppdrett (areal og utslepp av spillfôr/feces/lusemidlar), vindmøller til sjøs, reguleringsplanar ut i sjø (friluftsområde i sjø, flytebyggjer, m.m.), ankring, avlaups-/vassleidningar, kablar, fritidsinteresser (båttrafikk, fritidsfiske).

Mange meiner at eitt lite enkelt prosjekt ikkje kan skade, men mange nok slike så avgrensar ein tilgjengeleg areal for fiske bit for bit. Det er viktig at tilhøva blir lagt til rette slik at norske fiskarar fortsatt kan skape verdiar av fiske for spesielt kystsamfunna våre. «Sjøvern» er like viktig for fiskerinæringa, som «jordvern» for jordbruk.

### **Skuteberg**

Detaljreguleringa vil legge til rette for etablering av naustbebyggelse med tilhøyrande kai/båtplassar.

Det er ikkje registrerte fiskeriinteresser i området, men det blir òg fiska i område som ikkje er registrert. Ein har t.d. «nye» fiskeri som leppefiske og fiske etter sjøkrep.

Fiskarlaget Vest har ikkje merknadar til planen under føresetnad at tiltak ikkje vil ha negativ innverknad på det marine liv. Fiskerinæringa er basert på fornybar biologisk produksjon, og er



difor avhengig av eit reint og produktivt kyst- og havmiljø mest mogeleg fritt for miljøgifter, framandstoff og legemiddel. Ein har eit stort felles ansvar, både nasjonalt og internasjonalt, for å oppretthalde eit reint og produktivt hav. Det er avgjerande for kvalitet, omdøme og marknadsverdi for norsk sjømat. Det er viktig å førebyggje då det ofte er vanskeleg og dyrt å rydde opp i ettertid.

Med helsing  
Fiskarlaget Vest

Britt Sæle Instebø  
*Dagleg leiar*

Eirin Kongestøl Espeland  
*Rådgjevar*

Kopi: Karmøy Fiskarlag  
Fiskeridirektoratet region Sør  
Statsforvalteren i Rogaland

*Brevet er godkjent elektronisk og blir sendt utan handskriven underskrift.*



*Utsnitt Fiskeridirektoratet sitt kartverktøy*